



Statens vegvesen

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgt. 7b
5059 BERGEN

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/Innvalsnr:
Anne Marta B. Espelund - 55516432

Vår referanse:
2010/229988-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.06.2011

Uttale - Radøy kommune. Reguleringsplan for Fløholmen næringsområde og småbåthamn med fylkesvegarm.

Viser til telefonsamtale 17. juni 2011 og brev frå Siv. ing. Vidar Mjøs dagsett 3. mai 2011: *Radøy kommune. Gnr. 27 bnr. 12. FLØHOLMEN AS. Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.*

I vår uttale til oppstartsvarselet i brev av 1. desember 2010 hadde vi merknader til at fv 414 bør oppgraderast før vi kan tillate ei auke i trafikkmengda som skissert i oppstartsvarselet. I ovannemnde brev frå Siv. ing. Vidar Mjøs står det mellom anna at "Fylkesvegen vil kunna handterast som ei regulerings sak for seg. Det bør på førehand avklarast kven som skal stå for planarbeidet og plangiennomføringa, og korleis kostnadane skal fordelast." I ovannemnde telefonsamtale gjekk det fram at trafikkmengda til industriområdet er relativt låg, og at det ikkje er konkrete planar om industri som vil føre til ei vesentleg auke i trafikkmengda.

Vi har vurdert saka på ny. ÅDT på vegen er om lag 100 i dag. Med denne trafikkmengda kan det akseptarast at mjuke trafikantar nyttar kjørebana. Vårt krav om at vegen skal takast med i reguleringsplanen, som einfeltsveg med møteplassar og tilhøyrande fortau, står likevel ved lag. Vi vil ikkje krevje at utbetringa vert sett som eit krav til rekkefølge i føresegnene til planen. Dersom det skjer ei utvikling av industriområdet, som fører til ei betydeleg auke i trafikken, kan det verte aktuelt å krevje utbetring av vegen som eit trafiksikringstiltak.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta B. Espelund
Anne Marta B. Espelund

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen